



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Stolt Sea Farm A/S
C. Sundtsgt. 57
Postboks 1798 Nordnes
5024 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
96/3479-1/542.1/KAV(6708,6709,6710)

Hermansverk
28.08.2014

STOLT SEA FARM A/S - SF/G 09 OG SF/G 11 - UTSLEPPSLØYVE FOR OPPDRETT AV LAKSEFISK PÅ LOKALITETANE DJUPVIKA OG STORENESET - SAMDRIFT - GULEN KOMMUNE

Vi viser til oversending frå fiskerisjefen dagsett 06.09.96 vedkommande søknader frå Stolt Sea Farm A/S (SF/G 09) og K. Berentsen A/S (SF/G 11). Søknadene gjeld samdrift mellom SF/G 09 og SF/G 11 på tre lokalitetar. Stolt Sea Farm A/S opplyser i telefaks dagsett 24.01.96 at dei har teke over konsesjon SF/G 11 (tidlegare tilhøyrande K. Berentsen A/S). Vi vil derfor handsame dei tre søknadene under eitt. Søknadene gjeld oppdrett av laks, aure og regnbogaure ved Leirøyholmen, Djupvika og Storeneset i Gulen kommune.

Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr.6, § 18, jf. T-3/93 frå Miljøverndepartementet, gir fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Stolt Sea Farm A/S løyve til utslipp til luft og vatn frå eit oppdrettsanlegg for matfisk av laks, aure og regnbogaure ved:

LOKALITET	STORLEIK PR KONSESJON*	MAKS. STORLEIK VED SAMDRIFT	KOMMUNE	UTM (ED 50)
<i>Djupvika (SF/G 09)</i>	12 000 m ³	24 000 m ³	Gulen	292700 6765500
<i>Storeneset (SF/G 09)</i>	12 000 m ³	24 000 m ³	Gulen	284300 6755800
<i>Leirøyholmen (SF/G 11)</i>	12 000 m ³	12 000 m ³	Gulen	279600 6756200
<i>Djupvika (SF/G 11)</i>	12 000 m ³	24 000 m ³	Gulen	292700 6765500
<i>Storeneset (SF/G 11)</i>	12 000 m ³	24 000 m ³	Gulen	284300 6755800
<i>Nonvik (SF/G 11)</i>	12 000 m ³	12 000 m ³	Gulen	277600 6760100
<i>Staurevik (SF/G 11)</i>	12 000 m ³	12 000 m ³	Gulen	278300 6757800

* Samla volum på lokalitetane må ikkje overstige 12 000 m³ for kvar konsesjon. I samdrift mellom SF/G 09 og SF/G 11, kan det ved Djupvika og Storeneset nyttast eit volum på opptil 24 000 m³.

Stolt Seafarm A/S (SF/G 09) får med dette **avslag** på søknad om løyve til utviding/samdrift ved Leirøyholmen i denne omgang. Vi vil vurdere om lokaliteten tåler vidare drift og evt. utviding etter gjennomføring av ei resipientgransking. Frist for gransking er sett til 31.12.98. Dersom verksemda ønskjer utviding etter granskinga, må det søkjast om dette på nytt. Stolt Seafarm A/S (SF/G 11) har fortsatt løyve til å drive oppdrett på lokaliteten Leirøyholmen (eit anlegg på 12 000 m³).

Vurdering av resipienten ut i frå resipientgranskinga utført i august 1994 ligg til grunn for avslaget.

./. **Løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagde vilkår blir følgde.**

Løyvet erstattar løyveskriv dagsett 16.03.92 og 23.03.92.

Løyvet gjeld frå det tidspunkt anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Dersom anlegget ikkje har etablert seg innan 2 år, må det etter § 20 i ureiningslova givast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad. Løyvet omfattar også utslepp frå reingjering av nøter (notvaskar) og anna produksjonsutstyr, medisiner og avfallshandsaming knytt til drifta.

BAKGRUNN FOR SAKA

Stolt Seafarm A/S (SF/G 9 og SF/G 11) har frå før 5 lokalitetar i Gulen kommune. Dei ønskjer no å drive samdrift/utvide volum ved dei eksisterande lokalitetane Djupevika, Storeneset og Leirøyholmen.

Søknaden har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn og er handsama i kommunen. Ved utlegginga til offentleg gjennomsyn kom det ikkje inn merknader som skal handsamast etter ureiningslova. Kommunen tilrår at det blir gitt løyve som omsøkt.

GRUNNGIVING FOR AVGJERDA

Djupevika i Gulafjorden

Lokaliteten ligg i eit LENKA A-område. Under anlegget er det ca. 40 m djupne, raskt skrånande til det djupaste i fjorden der botnen dannar ei flate på ca. 250 m djupne. I juni 1994 utførte IFM ved Universitetet i Bergen ei resipientgransking (IFM rapport nr. 34. 1994). Rapporten konkluderer med at miljøtilhøva i Gulafjorden var gode og at området framleis er egna for fiskeoppdrett, men at det vil vere nyttig med ei ny gransking etter nokre år med fiskeoppdrett. Fylkesmannen har vurdert lokaliteten og verksemda fekk eit pålegg om ny gransking innan 31.12.00. Vi reknar med at grunna straum og djupnetilhøva vil det ikkje vere nokon stor fare for opphoping av organisk materiale under anlegget ved ei utviding til 24 000 m³.

Storeneset i Brandangersundet

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-område. Under anlegget er det 50-70 m djupne, svakt skrånande mot Fensfjorden. I mars 1993 utførte IFM ved Universitetet i Bergen ei resipientgransking (IFM rapport nr. 7. 1994). Rapporten konkluderer med at miljøtilhøva ved lokaliteten var gode og den blei vurdert som fortsatt egna til fiskeoppdrett. Fylkesmannen har sett krav til oppfølgjande gransking (sjå vedlagte vilkår). Vi reknar med at grunna straum og djupnetilhøva vil det ikkje vere nokon stor fare for opphoping av organisk materiale under anlegget ved ei utviding til 24 000 m³. I årsrapport for 1994 blei det oppgitt ein særskild høg førfaktor ved lokaliteten. I 1995 har det ikkje vore produksjon på lokaliteten. Høg førfaktor ved stor produksjon tilseier høg organisk belastning. Ved ei utviding til 24 000 m³ ser vi det derfor som viktig for verksemda og miljøet rundt anlegget at førfaktoren haldast på eit lavt nivå.

Leirøyholmen i Mjømnesundet

Lokaliteten ligg i eit LENKA B-område. Anlegget ligg på ein undersjøisk rygg og rundt anlegget er det ca. 90 m. djupne I august 1994 utførte IFM ved Universitetet i Bergen ei resipientgransking (IFM rapport nr. 42. 1994). Rapporten konkluderer med at miljøtilhøva nermast anlegget var dårlege og at avfall frå anlegget var årsaken. I rapporten blir det tilrådd at lokaliteten undersøkjast på nytt før neste generasjon fisk setjast ut. Undersøkjingsområdet blei først teke i bruk i mai 1994 og påverknad på miljøet etter så kort tids bruk (til august 1994) kan tyde på dårlege driftsrutinar og/eller dårleg lokalitet. Fylkesmannen har i skriv dagsett 09.08.95 vurdert lokaliteten og verksemda fekk eit pålegg om ny gransking innan 31.12.98. Ved ei ny undersøking av området, vil vi kunne få svar på om det er forsvarleg å evt. utvide til 24 000 m³ oppdrettsvolum i høve til miljøet. Fylkesmannen har av ovannemnte årsakar og med bakgrunn i resipientgranskinga utført i 1994, gått imot utviding av oppdrettsvolumet.

Nonvik i Mjømnesundet

Lokaliteten ligg i eit LENKA C-område. Det er viktig å få dokumentert miljøtilhøva ved lokaliteten og det blir derfor sett krav om ei resipientgransking (sjå vilkår). Det har ikkje vore produksjon på lokaliteten dei siste åra.

Staurevik i Mjømnesundet

Lokaliteten ligg i eit LENKA C-område. Det er viktig å få dokumentert miljøtilhøva ved lokaliteten og det blir derfor sett krav om ei resipientgransking (sjå vilkår). Det har ikkje vore produksjon på lokaliteten dei siste åra.

TILTAK

Det er sett følgjande fristar for resipientgranskingar:

TILTAK	*TIDSFRIST	TILVISING TIL VILKÅR
Resipientgransking ved Djupevika	31.12.00	7
Resipientgransking ved Storeneset	31.12.00	7
Resipientgransking ved Leirøyholmen	31.12.98	7
Resipientgransking ved Nonvik	31.12.97	7
Resipientgransking ved Staurevik	31.12.97	7
Innsending av journal med produksjonsdata	15. februar	6.3

* Rapporten frå granskinga skal vere registrert hjå fylkesmannen innan fristen går ut.

Havforskningsinstituttet utviklar eit system (MOM-programmet) som kan brukast til å regulere miljøpåverknad frå oppdrettsanlegg etter bereevne i området. Systemet prøvst ut i 1996 og blir justert i høve til erfaringar. MOM-programmet er tenkt å bli teken i bruk i 1997 som standard ved resipientgranskingar. Vi tilrår at De tek kontakt i god tid før resipientgranskinga skal utførast. Evt. send inn program for prøvetaking til vurdering. Vi vil i tida framover vurdere kvalitet på resipientgranskingar i høve til MOM. Miljøvernavinga vil vidare følgje opp MOM-programmet og ta det i bruk når erfaringar frå utprøvinga er klare.

OPPLYSNINGAR OM KLAGERETT M.V.

Partane i saka kan klaga avgjerda inn for Statens forurensningstilsyn (SFT) innan tre -3- veker etter at samla avgjerd (konsesjon) er motteken frå fiskerisjefen, jf. forvaltingslova § 28 kap. VI. Klaga skal ein grunngi og sende om fiskerisjefen. Dersom løyvet blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT gi oppsetjande verknad på den påklaga delen, til det er teke endeleg avgjerd i saka.

Partane i saka har rett til å gjere seg kjende med dokumenta i saka, jf forvaltingslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil kunne gi nærare opplysningar om handsaminga av saka.

Løyvet frittek ikkje frå erstatningsansvar for ureiningskade etter ureiningslova § 10 og kap. 8.

Alle verksemdar med tilsette arbeidstakarar er pliktige til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan: Helse, miljø og tryggleik blir følgde (jfr. § 52 b. i ureiningslova, og internkontrollforskrifta). Med miljø meiner vi her ytre miljø, -utslepp til vatn og luft, avfallshandtering, lukt, ekstern støy m.m. Internkontrollsystemet må mellom anna sikre at alle lover, forskrifter og løyve som kan ha noko å seie for påverknaden av det ytre miljø ved/rundt anlegget vert ivareteke.

Med heimel i ureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til Staten for å sikre at tiltak, og pålegg gitt med heimel i ureiningslova blir gjennomførte.

Ved nedlegging av drifta, t.d. grunna ein konkurs, skal det givast melding om dette til ureiningsstyresmakta, jf. § 20 i ureiningslova.

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan ytterlegare tiltak bli kravd frå verksemda for å redusere eller hindre ureining frå anlegget. Eventuelt kan det bli kravd at anlegget blir flytta, jf. ureiningslova §18.

Eigaren av anlegget pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gir fullmakt, inspisere anlegget (jf. § 50 i ureiningslova).

Vi gjer for ordens skuld merksam på at det er ulovleg etter ureiningslova og straffelova å unnlate å etterleve vilkåra som er sett til drifta.

Med helsing

Ingrid Bjørkum
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Knut Arne Vinge. Tlf.: 57 65 51 57

Vedlegg: Vilkår for utsleppsløyvet, dagsett 04.12.96.
 Samla fråsegn frå fylkesmannen, dagsett 04.12.96.

Kopi m/vedlegg: Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane,
 Pb 274, 6701 MÅLØY

Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane,
Pb 61, 5032 MINDE

Gulen kommune

KAV(2), PEJ, VASS